

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 23. august 2019 12:21
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 28/2019, 23. AUGUST

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 28/2019, 23. AUGUST

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

NYTT MASTERSTUDIUM: ERFARINGSBASERT MASTER FOR GRUNNSKULELÆRARAR

NOKUT har akkreditert Høgskulen i Voldas søknad om eit erfaringsbasert masterstudium i undervisning og læring med fordjupingar i norsk, matematikk, samfunnsfag eller engelsk. Studiet er på 90 studiepoeng. Gruppa som har skrive søknaden har vore leia av Peder Haug, Kjetil Myskja (engelsk og internasjonisering), Arne Kåre Topphol (matematikk), Kjersti Straume (samfunnsfag), Ragnhild Paulsen (opptaksansvarleg/studieadministrasjonen), Pål Hamre (norsk og sekretær). Studiet vil truleg starte opp i 2020.

STUDIESTART 2019: LES OPNINGSHELINGANE

Den offisielle opninga av studieåret 2019-2020 vart arrangert tysdag 20. august på same vis som dei fire siste åra: Utandørscene, gode studentinnslag på scena og på det musikalske området, tale ved statsråd Nybø og utdeling av studentpris.

Sjå video frå opninga her: <https://www.youtube.com/watch?v=n60CrelEPGo>

Les Iselin Nybø og rektors helsingar på rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

NYBYGGET ENDELEG GODKJENT AV REGJERINGA

Iselin Nybø hadde med seg regjeringas godkjenning av det nye mediehuset til opninga av studieåret 2019-2020 - og formelt brev om det same kom omlag samtidig. Dette var siste trinnet i kvalitetssikringa av prosjektet så no vil Statsbygg og entreprenør PEAB Nordang starte arbeidet så fort dei kan.

<https://www.hivolda.no/nyhende/regjeringa-gir-tommel-opp-til-mediebygget>

MOBBING TRAKASSERING - OGSÅ VED HVO

Høgskulen i Volda har delteke i den første nasjonale kartlegginga av mobbing og trakassering blant tilsette i universitets- og høgskulesektoren. Heile 220 tilsette ved Høgskulen i Volda deltok i undersøkinga. Undersøkinga sett under eitt viser at HVO ligg tett på gjennomsnittet for sektoren. Tilsette som har opplevd mobbing og trakassering blir oppmoda til å melde frå om det gjennom det interne varslingsystemet, næraste leiar, verneombodet eller på anna måte.

<https://www.hivolda.no/nyhende/nye-tal-om-mobbing-og-trakassering>

VOLDA-FORSKAR BIDROG I "CANNABISBOKA"

Førsteamanuensis Silje Louise Dahl ved ASH er medforfattar i "Cannabisboka" og Silje sitt kapittel heiter "Korleis blir cannabisbruk attraktivt og akseptabelt?". Boka vart lansert på eit seminar på eit fullstappa Litteraturhuset i Oslo 21. august.

<https://litteraturhuset.no/arrangement/cannabisboka/>

VALKAMPEN: MANGE POLITIKARAR BESØKER HØGSKULEN

Høgskulen ønskjer alltid velkomen politikarar og andre som ønskjer å møte oss. Så langt i haust har vi hatt eller får besøk frå statsråd Iselin Nybø (V), Hans Fredrik Grøvan (KrF) og Marit Arnstad (SP). Vi har også hatt møte med dei

fleste politiske partia i Volda kommune og fekk besøk frå mange ordførarar under opninga av studieåret 2019-2020 den 20. august.

PÅMINNING: KOM MED FRAMLEGG TIL NYE TEMA FOR DOKTORGRADSPROSJEKT

Forskingsutvalet har bede avdelingane (dekanane) om å kome med framlegg til aktuelle tema for utlysing av fire doktorgradsstipend. Fristen for å kome med tilbakemelding er 1. september, og saka blir teken opp på første møte i forskingsutvalet seinare i september.

PÅMINNING: FORSKINGSGRUPPER BLIR INVITERTE TIL Å SØKE OM SÅKORN MIDLAR: FRISTEN ER 30. AUGUST

Forskingsadministrasjonen har invitert forskingsgrupper og forskingsmiljø til å søke om «såkornmidlar», altså midlar som til dømes å arbeide med søknader om eksterne prosjekt. Det er i alt kr 450.000 tilgjengeleg og søknader bør vere på kr 75.000 eller meir. Søknadsfristen er 30. august og det er Forskingsutvalet som tildeler midlane.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.9.2019: Styremøte 5/2019

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er pr i dag tre ledige stillingar ved Høgskulen i Volda:

-Praksiskoordinator PPU

-Praksiskoordinator Barnehagelærerutdanninga

-Fagansvarleg rekenskap (fellesadministrasjonen)

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

20.8.2019: Finansieringa av grunnskulelærerutdanninga må styrkast

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/08/20/finansieringa-av-grunnskulelaerarutdanninga-ma-styrkast/>

20.8.2019: Velkomsttale på opning av studieåret 2019-2020

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/08/20/velkomsttale-pa-opning-av-studiearet-2019-2020/>

20.8.2019: Iselin Nybøs helsing til nye studentar 2019-2020

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/08/22/iselin-nybos-helsing-til-nye-studentar-ved-studiestart-2019/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>